



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 03.06.2015
Møtetid: 15:00 - 19.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 1 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen (Sp) Birthe –Skar-Moum (Ap) under sak 9/15	Monica Tjønna (Sp)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann og økonomisjef Erdal sak 8-13/15.

Møteleiar:	Ordførar Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Ragnfrid Olsnes (Bl) var ugild under sak 9/15

Orienteringar/meldingar:	Utvalet drøfta notat vedk. kommunestruktur. Dette kjem som eiga sak til kommunestyremøte i juni.
Utvalet sitt kvarter:	Gunnar Bruvik (Frp) – Vil det ligge føre eit byggerekneskap for utbygginga av Samnanger barneskule før nytt kommunestyret er valt? Rådmannen orienterte om saka og viste til årsmeldinga s 29 og at eit tal-rekneskap vil verta lagt fram for sittande kommunestyret.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 30.09.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/15	15/418	Faste saker	
009/15	11/563	Godkjenning av utbetalt tilskot til Aadland gardsbarnehage	
010/15	15/72	Årsmelding 2014	
011/15	15/311	Godkjenning av kommunerekneskap 2014	
012/15	15/335	Finansrapportering 1.terital 2015.	
013/15	15/335	Økonomirapportering 2015 pr mai	
014/15	15/356	Streaming av kommunestyret sine møte	
015/15	12/119	Busetjing av flyktningar	

SAKNR. 008/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg var samrøystes vedteke. Referatsak om kommunereform vert handsama etter sakene.

Utvalet sitt kvarter: Gunnar Bruvik (Frp) – Vil det ligge føre eit byggerekneskap for utbygginga av Samnanger barneskule før nytt kommunestyret er valt. Rådmannen orienterte om saka og viste til årsmeldinga s 29 og at eit tal-rekneskap vil verte lagt fram for sittande kommunestyret.

FORM-008/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 009/15

GODKJENNING AV UTBETALT TILSKOT TIL AADLAND GARDSBARNEHAGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner utbetaling av vedteke tilskot for 2014 til Aadland gards- og friluftsbarnehage, jfr BHL § 14 med følgjande summar;

- kr 3.304 417 i driftstilskot, jfr tilskotsforskrifta § 4
- kr. 198 119 i kapitaltilskot, jfr tilskotsforskrifta § 5

Skuldig tilskot for 2014 på kr 302 624 er utbetalt til barnehagen.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Ragnfrid Olsnes er eigar av gardsbarnehagen og bad om å få vera ugild under handsaminga . Ho var samrøystes funn ugild og gjekk i frå.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-009/15 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner utbetaling av vedteke tilskot for 2014 til Aadland gards- og friluftsbarnehage, jfr BHL § 14 med følgjande summar;

- kr 3.304 417 i driftstilskot, jfr tilskotsforskrifta § 4
- kr. 198 119 i kapitaltilskot, jfr tilskotsforskrifta § 5

Skuldig tilskot for 2014 på kr 302 624 er utbetalt til barnehagen.

SAKNR. 010/15
ÅRSMELDING 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Samnanger kommune for 2014 vert teken til orientering.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-010/15 VEDTAK:

Årsmeldinga for Samnanger kommune for 2014 vert teken til orientering.

SAKNR. 011/15
GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAP 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapen for Samnanger kommune for 2014 vert godkjend slik han ligg føre. Inndekking av underskotet vert forsøkt gjort i samband med budsjettet for 2016.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-011/15 VEDTAK:

Rekneskapen for Samnanger kommune for 2014 vert godkjend slik han ligg føre. Inndekking av underskotet vert forsøkt gjort i samband med budsjettet for 2016.

SAKNR. 012/15
FINANSRAPPORTERING 1.TERITAL 2015.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporten for 1. tertial vert tatt til etterretning.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande tilleggspunkt: ” Det er mange år sidan kommunen sist hadde ein gjennomgang av bankavtalane sine på innskot og kommunen må no gjere nokre betre vilkår hos evt. andre bankar.”

Framlegget frå rådmannen med tilleggsframlegg frå Tjønnå (Sp) vart samrøystes vedteke.

FORM-012/15 VEDTAK:

Finansrapporten for 1. tertial vert tatt til etterretning. Det er mange år sidan kommunen sist hadde ein gjennomgang av bankavtalane sine på innskot og kommunen må no gjere nokre betre vilkår hos evt. andre bankar.

SAKNR. 013/15

ØKONOMIRAPPORTERING 2015 PR MAI

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering vert tatt til etterretning. Rådmannen må arbeida fram eit framlegg til saldering av budsjettet til kommunestyret den 17.juni 2015.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-013/15 VEDTAK:

Økonomirapportering vert tatt til etterretning. Rådmannen må arbeida fram eit framlegg til saldering av budsjettet til kommunestyret den 17.juni 2015.

SAKNR. 014/15

STREAMING AV KOMMUNESTYRET SINE MØTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vil i perioden september – desember 2015 gjennomføra ei prøveordning med direktestreaming av kommunestyremøta på Youtube. I tillegg vil opptak av kommunestyremøta vera tilgjengelege på Youtube i 1 år.

Det vert vald ei løysing med 1 kamera, som skal filma både talarstolen og podiet/ordstyrarbordet.

Tiltaket vert finansiert ved å omdisponera 15.000 kroner frå budsjettkonto 10803.1200.1000 (tapt arbeidsforteneste for folkevalde). Denne budsjettkontoen vert då redusert frå 50.000 til 35.000 kroner.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-014/15 VEDTAK:

Samnanger kommune vil i perioden september – desember 2015 gjennomføra ei prøveordning med direktestreaming av kommunestyremøta på Youtube. I tillegg vil opptak av kommunestyremøta vera tilgjengelege på Youtube i 1 år.

Det vert vald ei løysing med 1 kamera, som skal filma både talarstolen og podiet/ordstyrarbordet.

Tiltaket vert finansiert ved å omdisponera 15.000 kroner frå budsjettkonto 10803.1200.1000 (tapt arbeidsforteneste for folkevalde). Denne budsjettkontoen vert då redusert frå 50.000 til 35.000 kroner.

SAKNR. 015/15

BUSETJING AV FLYKTNINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ynskjer å hjelpa til med å busetja flyktningar frå Syria. Før kommunen kan gje tilbakemelding på kor mange flyktningar me kan ta imot, må me få klarlagt kor mange bustader me kan skaffa. Slik avklaring kan vera klar innan medio september 2015. Under føresetnad av at me får bustader, kan Samnanger kommune ta imot inntil 20 personar frå Syria i perioden november 2015 – sommaren 2016.

Det er ein føresetnad av at statlege tilskot dekkjer alle utgiftene.

03.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune tek imot flyktningar under følgjande føresetnad:

- Busetnaden vert fullfinansiert frå staten.
- Det må vera eit krav at barnevernet har fått ei meir tilfredstillande løysing før me kan ta imot flyktningar, som mest sannsynleg og består av barnefamiljar.
- Det må søkjast informasjon om samarbeid med nabokommunar for å få inn ei god kompetanse vedk. traumehandsaming , integrering og liknande.”

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram tillegg til rådmannen sitt framlegg: ” Ein ber om at vedtaket om sal av hus i Hagamulen vert vurdert på nytt, då behovet for husvære i kommunen vil auka. Det bør utgreiast kva kostnader ein ser føre seg det vil verte med å sitte med huset, kontra kva inntekter ein kan få på eit evt. sal. Ein må og ta med i vurderinga om eit reelt sett fort igang til andre husvære ved eit sal.”

Gunnar Bruvik (Frp) gjorde framlegg om å få saka utsett.

Utvalet røysta for utsettingsforslaget, som fall med 2 mot 5 røyster.

Følgjande representantar gjekk for utsettingsframlegget;

- Monica Tjønnå (Sp) og Gunnar Bruvik (Frp)

Følgjande gjekk representantar imot utsettingsframlegget;

- Eva Hellevang (H), Ragnfrid Olsnes (Bl), Birthe Skar-Moum (Ap), Brigte Olav Gåsdal (Ap) og Marit Aase (Krf).

Utvalet røysta deretter, først **over framlegget til Tjønnå (Sp)** som fall med 1 mot 6 røyster.

- Representantar som røysta for Tjønnå sitt framlegg; Monica Tjønnå (Sp).
- Representantar som røysta imot; Eva Hellevang (H), Ragnfrid Olsnes (Bl), Birthe Skar-Moum (Ap), Brigte Olav Gåsdal (Ap), Gunnar Bruvik (Frp) og Marit Aase (Krf).

Deretter vart det røysta **over rådmannen sitt framlegg** som vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

- Representantar som røysta for; Eva Hellevang (H), Ragnfrid Olsnes (Bl), Birthe Skar-Moum (Ap), Brigit Olav Gåsdal (Ap,) og Marit Aase (Krf).
- Representantar som røysta imot sitt framlegg; Monica Tjønna (Sp) og Gunnar Bruvik (Frp).

Til slutt vart det røysta **over Skar-Moum (Ap) sitt tilleggsframlegg** som vart vedteke med 5 røyster mot 2.

- Representantar som røysta for; Eva Hellevang (H), Ragnfrid Olsnes (Bl), Birthe Skar-Moum (Ap), Brigit Olav Gåsdal (Ap,) og Marit Aase (Krf).
- Representantar som røysta imot; Monica Tjønna (Sp) og Gunnar Bruvik (Frp).

FORM-015/15 VEDTAK:

Samnanger kommune ynskjer å hjelpa til med å busetja flyktningar frå Syria. Før kommunen kan gje tilbakemelding på kor mange flyktningar me kan ta imot, må me få klarlagt kor mange bustader me kan skaffa. Slik avklaring kan vera klar innan medio september 2015. Under føresetnad av at me får bustader, kan Samnanger kommune ta imot inntil 20 personar frå Syria i perioden november 2015 – sommaren 2016.

Det er ein føresetnad av at statlege tilskot dekkjer alle utgiftene

Ein ber om at vedtaket om sal av hus i Hagamulen vert vurdert på nytt, då behovet for husvære i kommunen vil auka. Det bør utgreiast kva kostnader ein ser føre seg det vil verte med å sitte med huset, kontra kva inntekter ein kan få på eit evt. sal. Ein må og ta med i vurderinga om eit reelt sett fort igang til andre husvære ved eit sal.

